

---

Saksnr:	2020/41070-8
Saksbehandlar	Hanne Marthe Espe, Atle Skrede
Dato:	03.11.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Innspel til Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020 – 2024

Følgjande innspel er sendt til Lærdal kommune innan fristen 1.11.2020.

Vestland fylkeskommune viser til motteke høyringsutkast til Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Lærdal kommune 2021 - 2024. Lærdal kommune skriv at planen skal vera eit politisk og administrativt styringsreiskap for utviklinga av kommunen sine målsetnader innan idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse i planperioden.

### Statlege retningslinjer for planarbeidet

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1, Kommuneplan:  
«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen».

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2020, punkt 2.4.4: «Anlegget skal være del av en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet.

Følgende er unntatt dette vilkåret:

- Orienteringskart.
- Skilting/merking av eksisterende turveier, tur-/skiløyper og turstier».

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og

fysisk aktivitet; «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- «Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.
- Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spillemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.

- Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»

### Kapittelvis gjennomgang

Planen er ryddig og presenterer fagfelte i kommunen på ein god måte. Dokumentet er oversiktleig og informativt. Innleiinga gjer eit god oversyn over målesettingar og bakgrunnen for planen.

#### 1.1. Statleg og regional politikk for idrett og fysisk aktivitet

Planen peikar på relevante statlege styringsdokument, men ønsker at det vert vist til «Sammen om aktive liv», nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sammen-om-aktive-liv/id2704955/>

I tillegg ønsker vi at det blir vist til oppdaterte regionale planar. Anleggspolitikken erstattar Sogn og Fjordane sin regionale plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2016-2019) og er ikkje gjeldande lenger. Utviklingsplanen for Vestland kan det også visast til.

#### 1.2. Forhold til andre planar

Det er positivt at ein viser til koplingar til anna kommunalt planverk.

#### 3.2 Lærdal kommune sine mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Det overordna målet for Lærdal kommune er "Auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i Lærdal kommune". Målet er tydeleg og godt og kan romme mykje.

Delmåla viser eit overordna folkehelseperspektiv og understrekar breidda i målgruppa. Dette viser igjen kor viktig det er å kople denne planen til både andre lokale planar men også mot regionale og nasjonale føringar og satsingar.

4.0. Kapittelet er ei resultatvurdering av førre handlingsplan. Ei evaluering av førre plan kan vere ein viktig og god gjennomgang for å dra linjene mellom planane og for å vise til den generelle utviklinga i kommunen. Kommunen viser også her breidde i målgruppe og aktivitet og har eit tydeleg folkehelseperspektiv. Dette er svært positivt.

### 5 Planprosess

Det er lagt opp til ein god planprosess der dessverre ein del medverknadstiltak gjekk ut grunna korona.

### 6. Status i Lærdal kommune

Kapittelet tek føre seg status på ulike område og gir eit godt blikk på situasjonen i kommunen.

#### 7.1. Folkehelse og fysisk aktivitet

Det er svært positivt at ein ser ulike tiltak og tilbod i samanheng og det vert oppmoda til å i endå større grad sjå etter område der ein kan nytte ressursane på tvers av ulike tiltak/tilbod. Frisklivssentralar og ulike regionale og nasjonale prosjekt kan saman med planlegging og kommunen sine ressursar vere med å skape gode tiltak/ tilbod på tvers av målgrupper og utfordringar i kommunen.

Det er positivt med liste over tiltak som er tydeleg og konkret.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er grunnlaget for god planlegging der inkludering og folkehelse er overbyggande. Dei nylanserte [oppvekstprofilane frå FHI](#) kan vere nyttige verktøy i dette arbeidet.

#### 7.3. Friluftsliv

Kommunen viser tydelege mål og ønsker for utvikling av friluftslivet i Lærdal. Fylkeskommunen oppmodar Lærdal kommune å inkludere «plan for friluftslivets ferdselsårer» i arbeidet med friluftsliv. Friluftslivets ferdselsårer er et nytt nasjonalt prosjekt (2019-2023) initiert av Klima- og miljødepartementet, leia av Miljødirektoratet. Ein eigen vegleiar for arbeidet finst på Miljødirektoratet sine nettsider.

Friluftslivets ferdselsårer er ei naturleg oppfølging av kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder og Turskiltprosjektet. Begge prosjekta er naturleg å inkludere i arbeidet med friluftsliv i kommunen. Det same gjeld statleg sikra friluftslivsområder og andre tilrettelegte friluftslivsområder i kommunen.

## 8.0. Handlingsprogram

### Ordinære anlegg;

Linje 1; Der manglar kostnader og finansiering, slike anlegg bør stå lenger nede i handlingsprogrammet og vurderast å sette opp på eit seinare år. Kven er eigar av spelemiddelsøkningen, berre ein eigar skal stå på kvart anlegg.

Linje 2; Der kan berre settast opp anlegg som har eit kostandsoppsett og ein finansieringsoppsett. Dersom de er 0 i kommunale midlar så set de opp dette i kolonnene.

Linje 3; Sogn Vinterpark er kunstisbane - pass på at dette stemmer overeins med dei omgrepa som vert nytta i retningslinjene

Linje 4; Skytebane - før opp om dette er eit utandørsanlegg og lengde på anlegget

Sentrumsutvikling Borgund kan ikkje søkje midlar til ordinære anlegg og vi forstår at fleirbrukshall er både ridehall og klubbhus og dette skal splittast.

### Nærmiljøanlegg;

Linje 1; Klatrepark *med lys*

Linje 2; *Sandvolleyball , rehabilitering*

Linje 3; *Sandvolleyball , rehabilitering*

Linje 4; *Rehabilitering symjebasseng er ført opp feil under nærmiljøanlegg, skal ligge under ordinære anlegg.*

Linje 5; *Lærdal Fjordfront - kva er dette ? De bør heller ikkje føre opp*

Linje 6; *Aktivitetspark Borgund, kva er dette ? De må føre opp spesifiserte anlegg slik at det går klart fram kva de skal etablere. Sentrumsprosjektet Borgund er heller ikkje søkjegodkjende i ordninga.*